



Torsdag hadde vi påskefrokost i gardsbarnehagen og foreldre var invitert til å eta med oss, Det vart veldig kjekt og vi vil takka alle foreldre som hadde høve til å komma innom.

Samme dag vart og skulekameratane våre, saman med skulekameratane ved Lillehammer barnehage, invitert på påskeeggjakt på Skårhaug. Dette var det Elin Enes som sto i bresjen for. Tusen takk til ho for ein flott dag.



Resten av gjengen hadde påskerebus i barnehagen og jamen fann dei eit påskeegg i sandkassa,





Ellers går dagane i gardsbarnehagen med til lembing og kjuklingar. Vi føl spent med i to sauehus og no er det kome lam i begge,

Vi har hatt egg i rugemaskin, og for halvanna veke sidan fekk vi 6 kjuklingar. Det vert spennande å følge desse og sjå om det vert hannar eller høner. Vi håpar dei fleeste vert høner slik at vi på sikt kan få egg.

Vi vil samstundes takka Olav Hjetland Bringedal for at vi er så heldige å få komma på besøk i sauefjøset hans.

Og så vil vi alle få ynskje dykk ein riktig god påske!

Tekst og foto: Helene Huse Bjørnebøle  
Nett: Ola Matti Mathisen